

Brannvesenet sine påsketips

Nokre hytter ligg utanfor allfarveg og har ikkje vegadresse. Då kan det vere lurt å henge opp ein naudplakat. Hugs å sjekke at røykvarslaren på hytta fungerer, og ta med ekstra røykvarslarbatteri.

Den næraste brannstasjonen er ofte lenger unna når ein er på hytta – då er det ekstra viktig å sørgje for at branntryggleiken er på topp.

Følg desse tipsa for ei branntrygg påske:



Sjekk at røykvarslarane fungerer.

Røykvarslarane skal høyrast tydeleg på alle rom når alle dører er lukka.

Hugs å ta med nye røykvarslarbatteri eller skaff deg ein reiserøykvarslar.





Sjekk sløkkeutstyret. Det skal vere same sløkkeutstyr på hytta som i bustaden. Du må anten ha eit brannsløkkingsapparat med skum eller pulver, eller ein husbrannslange.

Har du gass? Sjekk at du ikkje har lekkasje, og at anlegget er i god stand. Vurder om du skal installere ein gassvarslar.



**Gå aldri frå eit rom med levande lys.
Bruk ikkje-brennbare lysestakar og
set lysa i god avstand frå brennbart
materiale som vindauge og gardiner.**



**Skal du grille eller brenne bål, må du
vere aktsam. Sørg for god avstand til
brennbart materiale. Hugs å slukke
grillen eller bålet heilt før du forlèt
det.**



SKOG- BRANN

Åpen ild i skog og utmark er **forbuddt**
fra 15. april til 15. september

FOREST FIRE
Any form of open fire
or flame is prohibited
in woods and fields
between 15 April and
15 September.

**POŻARY
LASÓW**
Używanie otwartego
ognia w lasach i na
terenach nieuprzednich
jest zabronione od 15
kwietnia do 15 września.

WALDBRAND
Offenes Feuer in
Wald und Feld ist in der
Zeit vom 15. April bis
15. September verboten.

**ЛЕСНОЙ
ПОЖАР**
Разводить костры/
открытый огонь в
лесу и на полях
запрещено с 15-го
апреля по 15-е сентября.

Scan me

Skogbrann meldes til tlf. 110

DSB

Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap



Fjord og Stranda brann- redningsvesen

Ikkje set oska frå eldstaden rett utanfor hytte- eller husveggen.

Kjøl ned oska i ei brannsikker bøtte med lok og plasser ho i god avstand frå veggen.



Heng opp ein naudplakat på hytta.

Plakaten skal vise nøyaktig geografisk posisjon, og kan vere livsviktig hjelp dersom du til dømes ikkje har vegadresse til fritidsbustaden din.

Naudplakaten lagar du enkelt på www.norgeskart.no.

Heng du opp ein ekstra naudplakat på utsida av hytteveggen, kan også andre som eventuelt treng akutt nødhjelp ha nytte av henne.

